



"Røysterett for alle" har sunge i Uskedalskyrkja mange gonger, til dømes 17. mai 2007 då dette biletet vart teke. (Foto: Audun Eik).

Søndag kveld inviterar soknerådet til den tradisjonsrike og populære julekonserten i Uskedalskyrkja og denne gongen er det både kjende og nye aktørar på lista over dei som skal opptre. Programmet ber bod om eit stort musikalsk og songleg mangfald.

"Røysterett for alle" dirigert av Maria Malmsten står sjølvstendig sentralt også denne gongen og programmet deira er naturleg nok sterkt juleprega. Koret kjem inn mens det syng "Eit barn er født i Betlehem" og dei har også "Kling no klokka", "Jul, jul, skinande jul" og "Vinternatt" på programmet denne kvelden.

Men dei skal også syngja to franske middelaldersongar frå verket "Maria-musikk" som svenske Anders Øhrwall har arrangert. Til desse blir det også fløytespel ved Kristine Bjørøy Hestad og Maria Malmsten.

Men ikkje berre Maria skal vera i ei hovudrolle denne kvelden – det skal også sonen hennar! Sindre Steinkopf er 16 og han skal spela og syngja saman med like gamle Håkon Gulliksen. Begge er frå Stord og begge går på vidaregåande. Deira band heiter "The Misread" og ofte er det både tre og fire musikarar i bandet.

Tre av dei fire låtane dei to gutane skal presentera i kyrkja har dei skreve og komponert sjølve og dei kan mest treffande karakteriserast som melankolske balladar. Under konserten skal gutane spela akustisk gitar og Sindre er vokalist.

Uskedal skulemusikk skal sjølvstendig vera med i konserten og vil nok visa at dei har lagt minst ein alen til sin musikalske vekst sidan sist.

Ein kjær gjengangar er også Kvinnherad Trekkspelklubb.

Denne kvelden skal Lars Eirik Tjeldflåt vera organist medan Svein Bergseth frå Utåker er solosongar. Bergseth er dagleg leiar for Fjelberg Kraftlag. Han er også ein framifrå songar.

Det blir andakt ved sokeprest Svein Harald Nilsen.

Av Ola Matti Mathisen